

Årsmelding 2020




VØR

# Året som var- eit annleis år

---

- Koronapandemi som slo inn over verda for fullt i mars-april 2020.
- Nedstenging av samfunnet og strenge smittevernreglar har påverka kvardagen til mange, også drifta til VØR i 2020.
- Viser tydeleg igjen i avfallsrekneskapet og rekneskapet.
- Er som ein raud tråd gjennom heile årsmeldinga.



Mål om 50%  
materialgjenvinning  
innan 2020

Frå strategiplan 2020-2024:

- Gjennomføre fleire kvalitetskontrollar av avfall i behaldar i 2020
- Få bleiene ut av matavfallet innan 2021
- Gjennomføre plukkanalyse av restavfallet for å betre faktagrunnlaget før neste rullering av strategiplan i 2023.
- Vurdere felles ettersorteringsanlegg på Sunnmøre saman med ÅRIM, SSR og RIR.
- Avklare om biogass anlegg skal byggast saman med Årim, SSR og evt. andre.

# Aktivitet i 2020

## • Melsgjerdet

- Konkurranser grunnlag lyst ut i mars. Synfaring i april.
- Aurstad Tunnel AS vant anbud, i konkurranse mot Riise Bygg AS. Kontrakt signering 4. desember 2020. Oppstart rigg i starten av januar 2021.
- Biogass: mykje aktivitet rundt løyvesøknad i 2020. Er venta å få svar på søknad i februar 2021.

## • Hornindal

- Overgang frå NoMil til VØR har gått greitt. Utlevert rauboks for farleg avfall og bytte til større papirdunk i 2020.
- God bruk av miljøstasjonen på Grodås og godt oppmøte på første farleg avfall aksjon om hausten.

## • ISO-sertifisering


- VØR vart sertifisert etter ISO-standard 9001 som omhandlar kvalitetsleingsystem.
- Sertifikat motteken 14. desember av Verify



# Brukarundersøking og RBM

- VØR var med i ei Renovasjonsbenkmarking- og brukarundersøking i regi av Avfall Norge og Norwaste våren 2020.
- Forbetring frå førre undersøking -innbyggjarane stort sett nøgde med tenestene dei får tilbydd.
  - Likevel: Nokon uttrykker misnøye med gebyrnivå, oppsamlingssystem (dunkar tek for mykje plass), innsamling (avfall blir henta for sjeldan) og lite informasjon om sluttbehandling av avfall
  - Dei er særst nøgde med miljøstasjonen (7/10 har nytta seg av denne siste året) og kundebehandling
  - Vidare fekk vi desse svara:
    - Om lag 7 av 10 interessert i eigen innsamlingsordning for tekstil.
    - Om lag 7 av 10 interessert i eigen behaldar for plastemballasje.
    - For at folk skal kjeldesortere meir avfall heime, nemnast det i størst grad *meir informasjon om kva som skjer med avfallet.*
    - På spørsmål om korleis VØR best kan legge til rette for at meir farleg avfall blir samla inn, så er *eiga henteordning* samt *innsamlingsaksjonar* mest nemnt.





## Informasjonsarbeid

- Lite besøk av skuleklasser og barnehagar.
- Liten oppslutning rundt strandrydding. Vårunda flytta til hausten.
- Noko foredragsverksemd når forholda har tillate det.
- Blank sekk kampanje godt motteken. Samarbeid mellom VØR, ÅRIM og SSR.
- 2 vinnarar i Returkartonglotteriet!
- Sorteringskonkurransen på Facebook og nyhende brev i posten før jul med informasjon om kva som skjer med avfallet vi sorterer heime.



# Ny merkeordning

- Bestilt klistermerker til oppatt merking av dunkar. Dette blir å utføre i 2021.
- Ny merkeordning tatt i bruk på miljøstasjonen.
- Mål: å gjere sortering standardisert og enklare uavhengig av kvar du bur.



# VØR, SSR, ÅRIM og RIR

- Felles prosjekt: Ettersortering av restavfall
- Skal kartlegge marknad, avfallstrømmer og tilgjengeleg teknologi for eit potensielt ettersorteringsanlegg på Sunnmøre.
- Styringsgruppe med daglege leiarar og 3 arbeidsgrupper med tilsett-representantar.
  
- Også sett meir på tettare samarbeid på fleire områder, bl.a. rundt digitalisering og standardisering som grunnlag for felles innkjøp.


# Kvalitetskontroll

- Gjennomført fleire stikkprøver og kvalitetskontrollar av gul dunk for emballasje av glas og metall i 2020.
  - Største avvika blir satt att. Alle abonnentar får SMS om avvik og beskjed om å rette opp, før dei får tilbod om ny tømning.
  - Arbeidet held fram i 2021.
  - Lite trekk frå mottaksanlegg mot slutten av året på grunn av auka fokus og tidsbruk hos tilsette på ettersortering av innhaldet frå dunk.
- Plukkanalyse av restavfall utført i november 2020, med hjelp av ÅRIM.



- Drikkekartong
- Emballasje av papp/papir, kartong egnet for mat.gjen
- Annet papir/papir egnet for mat.gjen
- Papir/papp lite egnet for mat.gjen

- Matavfall
- Planterester
- Sekker/poser til avfall
- Folieemballasje
- Hard plastemballasje
- EPS/Isopor
- Annen plast
- Glassemballasje
- Annet glass
- Metallemballasje
- Annet metall
- Tekstiler
- Farlig avf
- EE-avfall
- Annet brennbart
- Innært




Innsamling	2016	2017	2018	2019	2020
Papir, papp og kartong	928	1040	979	899	762
Glas- og metallemballasje	239	264	268	272	332
Plastemballasje	176	84	202	219	211
Restavfall	2940	2916	2790	1139	1518
Matavfall	0	0	0	1480	1690
Miljøstasjon	2016	2017	2018	2019	2020
EE avfall	210	194	198	182	172
Metall frå miljøstasjon	226	236	206	238	222
Tekstil (frå begge kommunar)	131	143	216	171	
Gummi	37	20	27	11	8
Hageavfall	893	765	573	600	602
Grovavfall	665	690	661	696	901
Trevirke	363	419	401	410	438
Farleg avfall**	236	250	287	264	369
Uorganisk avfall (Gips, isolasjon, stein, betong, flis)	73	183	123	119	199
EPS					1
Slam***	463	132	363	84	489
Totalt	7543	7193	7078	6613	7914
Til materialgjenvinning (t)	3197	2779	2865	3985	4526
Materialgjenvinningsgrad	42,4	38,6	40,5	60,3	57,2
Til energigjenvinning (t)	4084	4196	4042	2245	3109
Energigjenvinning	54,1	58,3	57,1	33,9	39,3

# Avfallsrekneskapet 2021

- Vekst i mengd til materialgjenvinning, bl.a. matavfall og emballasje av glas og metal
- Størst vekst i mengd som vart sendt til energigjenvinning. Deriblant restavfall samla inn frå hushald, kombinert med avfall levert miljøstasjon
- Tala på miljøstasjonen fortel sitt: Enorm vekst i grovavfall i tillegg til auka mengd trevirke og deponifraksjon (gips, isolasjon, betong, flis), viser til at folk har brukt tida heime til oppussing og rydding
- Dette påverkar materialgjenvinningsgrada vår.
- *Merk farleg avfall fraksjon!*

# Mengder farleg avfall 2018-2020



# Eigarrapportering og framtidutsikter + melding vedkommande måloppnåing i 2020

- Jamført avfallshierarkiet er den viktigaste prioriteringa i avfallspolitikken ein nedgang i totale mengder med avfall som stammar frå hushald. VØR har følgd trenden med nedgang i totale avfallsmengder per innbyggjar sidan 2016.
  - Men ikkje i 2020- rekord i mengder grovavfall og bygningsavfall levert på miljøstasjonen har gitt lågare materialgjennvinningsgrad enn året før og auka totale mengder avfall per innbyggjar.
  - VØR landar likevel på 57,2% materialgjennvinningsgrad i 2020, som er over kravet om 50% materialgjenvinning innan 2020 satt av Stortinget.
  - VØR nådde ei materialgjennvinningsgrad på over 60% i 2019, og det er forventa at VØR vil nå dette målet igjen i 2021, dersom det nye året ikkje blir prega av fleire restriksjonar på grunn av Covid-19.
    - Representantskapet har i revidert strategiplan i 2019 satt eit mål om 60% materialgjenvinning innan 2025.
  - Endra målepunkt kva gjeld materialgjennvinningsgrad på trappene.
  - VØR undersøker moglegheitene for å sortere ut trevirke og hardplast til materialgjenvinning
  - VØR undersøker moglegheitene for å legge til rette for fleire innsamlingsordningar, deriblant tekstil og hageavfall som er i tråd med ønskja frå EU.
- Gjennom EØS-avtalen er det forventa at Noreg blir forplikta til å utforme verkemiddlar som motiverer til auka materialgjenvinning, krav om separat innsamling av bioavfall innan 2023 og nå 65% førebuing til ombruk og materialgjenvinning av avfall frå hushald og næringsliv innan 2035.
- I ny forskrift som er lagt ut på høyring blir nye krav og mål foreslått for å nå krav om materialgjennvinningsgrad innan 2035  
I forskrift som vart lagt ut på høyring 28.01.21 av MD- «Forslag om forskrift om utsortering av plastavfall og bioavfall ut på høyring», står det at:  
Kommunen skal sørge for
  - a) at minst følgjande andel matavfall frå hushald blir utsortert ved kjeldesortering: 55 prosent innan 2025, 60 prosent innan 2030 og 70 prosent innan 2035 (må baserast på plukkanalyser)
  - b) at park- og hageavfall frå hushald blir utsortert ved kjeldesortering,
  - c) at minst følgjande andel plastavfall frå hushald blir utsortert gjennom kjeldesortering: 50 prosent innan 2025, 60 prosent innan 2030 og 70 prosent innan 2035 (må baserast på plukkanalyser)
  - d) at utsortert matavfall, park- og hageavfall og plastavfall frå hushald blir levert til materialgjenvinning.
  - Likeins, står det i forslag til forskrift at frå 2027 vil bioavfall (både matavfall og hageavfall) som blir behandla i biogass- eller komposteringsanlegg kun tellast som materialgjenvunne dersom det er kjeldesortert eller samla inn separat. Vidare vil bioavfall berre telle som materialgjenvunne dersom bioresten eller komposten kan brukast som eit produkt, materiale eller stoff.